

OG ARKITEKTER
Kamnalvegen 11

5068 BERGEN

Vår dato: 08.11.2016
Vår ref: 2015/987 - 22657/2016 / 41/95
Dykkar ref:

Ferdigattest - 41/95 - Tilbygg og fasadeendring Stord VGS, Saghaugen 3- ferdigattest etter plan- og bygningslova § 21-10 – DS-490/16

Førespurnad om ovannemnde motteke i kommunen 01.11.2016 frå:

Tiltakshavar: Hordaland fylkeskommune **Ansvarleg søkjar:** OG Arkitekter

VEDTAK:

I medhald av § 21-10, 3dje ledd i plan- og bygningslova (PBL) vert det gjeve ferdigattest for følgjande tiltak: tilbygg, fasadeendring, heis, støttemur, skilt

- Bygningen eller deler av han må ikkje brukast til anna føremål enn det løyvet gjeld for (jf. pbl. §§ 20-1 og 20-2). Bruksendring seinare krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1 pkt. d).
- I samband med tiltaket er det er oppført ikkje søknadspliktig frittliggjande bod.

Vedlagd følgjer saksutgreiing.

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen innan 3 veker frå den dag dette brevet er motteke, jf.

Forvaltningslova §§ 28 og 29, sjå vedlagd orientering om klagerett.

Klagen skal sendast til Stord Kommune, Regulering byggesak oppmåling, Postboks 304, 5402 Stord.

Med helsing

Irinja Almås
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Håvard Pedersen
Jan Tore Bruckner
Liv Dahl Clausen
Jan Ove Anthun

Rådmannen, den 08.11.2016

Saksutgreiing for sak DS-490/16

Dokumentoversyn:

Me syner til:

Søknad om ferdigattest (skjema) frå OG Arkitekter datert 01.11.2016
Oppdatert gjennomføringsplan datert 01.11.2016
Sluttrapport avfallshandtering frå Ragn Sells datert 09.09.2016
Kvitteringar for innlevert avfall
Rapport for miljøsanering frå 2011

Grunnlag:

Vedtak om løyve til igangsetting, datert: 08.10.2015
Saksnummer: DS- 536/15
Rammeløyve, datert 30.04.2015
Mellombels bruksløyve DS-338/16, datert 28.07.2016

Vurdering:

Gjenståande arbeid er utført. Det er ikkje levert sanitærmelding men Stord kommunalteknikk godtar at det vert gjeve ferdigattest med grunnlag i at dei har motteke teikningar og det har vore dialog gjennom byggeprosessen.

Gjennom innsending av oppdatert gjennomføringsplan og søknaden har ansvarleg søkjar stadfesta at kontrollansvarlege har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjon for det ferdige tiltaket. Gjennom dette har ein og stadfesta at tiltaket er ferdig og at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, slik vilkåra er sett for løyve og krav i, eller i medhald av plan- og bygningslova.

Vurderingane av om ferdigattest kan gjevast byggjer på innsendte dokument utan ytterlegare tilsyn og vurderingar.

Konklusjon:

Søknad om løyve til ferdigattest for følgjande tiltak på eigedomen gnr/bnr 41/95 vert gitt på nærmare fastsett vilkår.

Saka er avgjort etter §§ 21 og 21-10 i plan- og bygningslova og i samsvar med delegasjonsfullmakt.